

Årsmelding 2018 for Holmely

Verksemda si art og lokalisering

Holmely Omsorg og Retreat ligg på Bryggja i Nordfjord og er ei underavdeling av Normisjon Sogn og Fjordane.

Vi har som målsetting å møte menneske og hjelpe dei med livet og trua gjennom retreat, temahelger, kurs, samtaler og forbøn.

Bøn er grunnleggande for drifta her og vi har det siste året hatt faste bønesamlingar, der vi ber for kvarandre, bygdene våre og landet vårt og der vi tilber og lovsyng Gud.

Resultat og stilling

Holmely har eit underskot i slutten av 2018 på kr 89 611,- mykje grunna auka lønnsutgifter og etterslep av tilbakebetaling lån og lønn frå 2017. 60% av inntekta kjem frå frivillige gåver.

Rune Langseth har frå mars vore vikar for dagleg leiar Eva S. Langseth som har vore i permisjon.

Haldis Håvik er tilbake på huset som kjøkkenansvarlig, og er med på dei fleste arrangement i tillegg til å ha hovudoppsynet med kjøkkenet. Ho er her på frivillig basis.

Framleis drift.

Styret meiner at føresetnaden for vidare drift er til stades. Holmely er fortsatt avhengige av mykje dugnadsarbeid og pengegåver for at hjula skal gå rundt. Arbeidsmengda er mykje større enn stillingsprosenten tilseier.

Arbeidsmiljøet.

Arbeidsmiljøet og trivselen er bra blant dei tilsette og frivillige, men har og vore prega av stor arbeidsmengde. Gledelig er det at fleire nye har bidrege med frivillig arbeid.

Likestilling.

Stillinga som dagleg leiar er i utgangspunktet ope for begge kjønn. Ved utgangen av året, har Holmely ein kvinneleg tilsett i permisjon og ein mannleg tilsett i vikariat. I styret har det vore 2 menn og 4 kvinner. Ei av desse gav seg i styret på hausten.

Ytre miljø.

Holmely har ingen aktivitet som forureinar det ytre miljø og vi kildesorterer alt avfall.

Disponeringar.

Underskotet vert ført i balansen.

Bryggja 28.03.19.

Jan Gudmund Skrivervik

Solveig Gjørven

Liv Torvanger

Rune Langseth

Les side 2 for arrangementsoversikt

Våren

20. januar: «Saman for Hans ansikt» - bønn og lovsangssamling
6. februar: Sangkveld med Harry Andersen og Harald Svoren.
13. -16. februar: OPE HUS OG FLEKSIBLE DAGAR.
16. februar: «Saman for Hans ansikt» -bønn og lovsangssamling i samarbeid med Regionen og Fjordly.
15. -18. mars: Taus retreat med Anna Magni Larsen.
20. -22.april: Inspirasjonshelg med Roy Johansen og Orheimsamling på Fjordly
26. april: Mannssamling. Åndelig og sosial samling for menn i fjorden
3. -6.mai: Keltisk retreat med Brit L. Hilde og Elsa Mikkelsen
- 25.mai: «Saman for Hans ansikt» -bønn og lovsangssamling i samarbeid med Fjordly.
- 29.mai: Sangkveld med Harry Andersen og Harald Svoren.
15. – 17. juni: Bønn og lovsangshelg med Heidi Strømsmo

Sommeren

Sommerhotell drevet av frivillige og til dels daglig leder. Fordoblet omsetning sammenlikna med 2017. Gjestene får oppredd seng, håndklær og frokost. Bestilling via booking.com og direkte til oss.

Høsten

- 14 august kl 18-21: «Saman for Hans ansikt» -bønn og lovsangssamling
23. august: Mannssamling. Åndelig og sosial samling for menn i Fjorden
- 4 september kl 18: Sangkveld med Harry Andersen
- 7 september kl 18-21: «Saman for Hans ansikt» -bønn og lovsangssamling
- 21-23 sept: Retreat med Solveig Gjørven og Audun Aase
- 5-7 oktober: Inspirasjonshelg med Dagmar Wember
- 11 oktober kl 18-21: «Saman for Hans ansikt» -bønn og lovsangssamling
- 18-21 oktober: Guds Fars-hjerte retreat med Ivar Johnsen og Rune Langseth
- 13 november kl 18-21: «Saman for Hans ansikt» -bønn og lovsangssamling
- 16-18 november: Faste -og bønnehelg i samarbeid med Koinonia Ørskogfjellet
29. november: Mannssamling. Åndelig og sosial samling for menn i Fjorden
8. desember: Stille dag i advent med fokus på ventetida

I tillegg har vi hatt noe utleie til selskaper og menighetshelger m.m. gjennom året